


HISTORIKAR VERK SEMDA

Rivedokumentasjon

Bjørnsons gate, næringsbygg
gnr. 162 / bnr. 555 m.fl. – Bergen kommune



MOT GÅRDSPLASSEN

Innhald

Innleiing	3
Områdehistorikk – med kart og bilder	4
Kulturmiljø – utvikling	10
Kulturmiljø – dagens situasjon	14
Synfaring –bilder frå kulturmiljøet	17
Kulturminner	20
Bygningshistorikk Bjørnsons gate 36	23
Oppsummering og konsekvensar for kulturmiljø ved nybygg	33
Litteratur og kjelder	38

Februar (oppdatert mai) 2022

PROSJEKT: Bjørnsons gate, næringsbygg gnr. 162 / bnr. 555 m.fl.

TILTAKSHAVAR: Bjørnsons gt. 36 (Backer AS)

KONSULENT: Ard arealplan AS og Kahrs Arkitekter AS

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

Silje Een de Amoriza, faghistorikar

Øystein Hellesøe Brekke, faghistorikar

Håvard Klyve Parr, faghistorikar

KONTAKT: silje@historikarverksemda.no | +47 930 92 524

Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturmiljødokumentasjon i samband med detaljregulering for prosjekt i Bjørnsons gate 36, gnr. 162 / bnr. 555 i Bergen kommune, på oppdrag frå Bjørnsons gt. 36 (Backer AS).


Planområdet ligg langs Bjørnsons gate på Kronstad i Årstad bydel, i eit eksisterande bustad- og næringsmiljø som i all hovudsak består av ulik busetnad i rekke. Planområdet har ein storleik på 1,2 daa.

Bjørnsonsgate 36 er regulert i ÅRSTAD/BERGENHUS. MIDTRE ÅRSTAD, nasjonal planID: 4601_70000 frå 1938. I KPA 2018 er området sett av til byfortettingssone (BY, sone 2), og er omfatta av hensynssone kulturmiljø, H 570_3 – Danmarks plass-Kronstad.

Utbyggar sin intensjon med planforslaget er å legge tilrette for nytt næringsbygg på eksisterande eigedom, som erstatning for noverande bygg som er planlagt rive.

Eksisterande bygg er frå 1960, og er i dag brukt som mannskapsrigg for prosjekt på nabotomt. Intensjonen er å legge til rette for eit nybygg med arkitektonisk kvalitetar som blir tilpassa områdekarakteren og nærliggende busetnad.

Denne rapporten er ein kombinert kulturmiljø- og riverapport. Den dokumenterer historie og kulturmiljø i og rundt planområdet – gjennom tekst, bilder og kartmateriale. Rapporten er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder – mellom anna tinglyst materiale, byggesaker, kart, teikningar, fotografi – i tillegg til observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Håvard Klyve Parr frå Historikarverksemda 21. januar 2022. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.



Områdehistorikk – med kart og bilder

Planområdet i denne rapporten ligg i grenselandet til det området som vert omtala i kulturminnegrunnlaget for kommunedelplan «Næringskorridoren» (Byantikvaren, 1997). Planområdet ligg i det som historisk sett utgjorde jordbruksområdet nord i Bergensdalen, om lag 200 meter nord for Solheimsvatnet. Området var del av garden Hunstad, som endra namn til Kronstad då soknepresten i Domkyrkja kjøpte han i 1705. I førreformatorisk tid tilhøyrd garden klosteret Nonneseter, som vart oppløyst i 1528. Eigedommane til klosteret vart då overført til Vincens Lunge og slekta hans. På slutten av 1700-talet bygde den dåverande eigaren av Kronstad ein praktfull hovudbygning her, som vart bygd om til den noverande formen sin av kjøpmannen Joachim Friele midt på 1800-talet. Denne hovudbygningen ligg ca. 500 meter nord for planområdet.

Frå slutten av 1800-talet og fram mot første verdskrigen vart behovet for bustader i Bergen stadig større, og Bergen kommune såg areala sørover i Bergensdalen som den einaste moglegheita for byutviding. Det vart bakgrunnen for innlemminga av Årstad kommune i Bergen by i 1915. Men allereie før kommunesamanslåinga i 1915 breidde busetjinga seg inn i Årstad.

Rundt hundreårsskiftet tok mange av bøndene i Årstad til å parsellera ut eigedomane sine til bustadtomter, og prosessen der byen voks inn i nabokommunen var i gang, først og fremst langs jernbanesporet i dalbotnen og langs vegane. Då Vossebanen opna i 1883, med endestasjon ved Lille Lungegårdsvann, gjekk traseen på vestsida av Solheimsvatnet, og det var ikkje noko stopp mellom Fjøsanger og byen. Årstad kommune brukte både krefter og pengar på å få ein stasjon innanfor kommunegrensene, og etter nokre år vart det stoppestad

også i Solheimsviken. I 1913 opna den nye Bergen stasjon i Strømgaten, og traseen til Vossebanen vart flytta aust for Store Lungegårdsvann med tunnel frå Fløen til Kronstad. Solheim stasjon vart lagt ned og erstatta av Kronstad jernbanestasjon, som stod ferdig i 1913 med stasjonsbygning teikna av Egill Reimers.

Jordbruket dominerte framleis området då arbeidet med jernbanetunnelen frå Fløen til Kronstad vart sett i gang, og utviklinga i området hang tett saman med etableringa av jernbanen. Befolkingskonsentrasjonen i Årstad kommune var i Solheimsviken, og då jernbanestasjonen vart flytta, trongst det ein veg derfrå til den nye stasjonen. Dette vart det nye gateløpet Bjørnsons gate. Området ved den nye stasjonen vart raskt busett, og i løpet av 1910-talet oppstod ei samanhengande husrekke overfor jernbanestasjonen langs nordsida av den nye Bjørnsons gate, ei husrekke som òg omfatta det som vart Bjørnsons gate 36.


Under første verdskrig kjøpte private kapitalinteresser opp mykje av Årstad og fleire private bustadprosjekt vart planlagde, mellom anna huset i gjeldande planområde. Det var likevel utbygging i kommunal regi som kom til å dominere i området. Denne utviklinga vart akselerert av bybrannen i 1916, som førte til endå større og akutte behov for fleire bustader. Bystyret kjøpte inn store tomteareal frå privatpersonar og byggeselskap, mellom anna på austsida av den prosjekterte Inndalsveien. Vegen skulle gå frå Bjørnsons gate ved Kronstad jernbanestasjon, over kommunegrensa til Fana og vidare til Paradis. Arbeidet med vegen blei starta i 1919 og strekninga som i dag er Inndalsveien – frå Bjørnsons gate til Fana-grensa – opna for trafikk i august 1923.

Tidleg i 1920-åra låg gatestrukturen i om-

rådet, med Inndalsveien, Bjørnsons gate og Ibsens gate som hovudvegar, i hovudsak ferdig. Innan midten av 1930-åra var bustadområda langs Bjørnsons og Ibsens gate i hovudsak ferdig utbygde. På sørsida av Bjørnsons gate, rett vest for jernbanestasjonen, kom eit stort trelastlager, og vest for Bjørnsons gate, rundt Fabrikkgaten, vart det frå 1913 av bygd ut eit industriområde på 15 mål, med hovudvekt innan maskin- og metallindustrien. Wingaards Ovnstøperi & Fabrikk og Bergens Jernstøperi var nokon av dei viktige bedriftene her. I 1924 kom

trikken til området med ei linje gjennom Bjørnsons gate inn i Inndalsveien. I 1928 vart linja forlenga til Minde.

Utbygginga av Årstad dominerte bustadutbygginga i Bergen i fleire tiår, fram til 1945.




Planområdet omtrentleg plassert på eit kart frå 1750. Det fanst då ingen bygningar i området. Til venstre ser me ein del av Solheimsvatnet, og nedst Haukelandsvatnet, som vart fylt igjen i etterkrigstida. I øvste kant, litt til høgre for midten, ligg bygningane på Kronstad. Kjelde: Situation af Staden og Egnen om Bergen udi Norge. https://kartverket.no/historiske/0/593_amt2_bergens-by-6_1750_jpg300dpi.jpg



Utsyn mot Løvestakken med Solheimsvatnet og Haukelandsvatnet, tatt 1882–1885. Planområdet ligg ein stad til høgre i biletet, nord for Solheimsvatnet. Fotograf Knud Knudsen. Henta frå UBB Billedsamlingen. <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-kk-1318-2708.html>



Planområdet i 1907. Det finst framleis ingen hus i området, og verken Ibsens gate eller Bjørnsons gate eksisterer endå, men ein kan kjenna att gateløpet som vart til Fabrikkgaten nord for Solheimsvatnet. Kjelde: Bergenskart.no



Utsikt over Årstad like før det første huset i planområdet vart bygd i 1915. Biletet kan ikkje vera eldre enn 1913, då Kronstad jernbanestasjon er synleg. Fotograf ukjend. Henta frå arkivet etter Solhaug skule, Bergen Byarkiv, <https://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1407643#lightbox>.



Utsnitt av bildet over. Rett til høgre for Kronstad jernbanestasjon står dei to nabohusa i Bjørnsons gate 32 og 34, merkt med grøn sirkel. Det ser ut som gravearbeid er i gang på tomta til Bjørnsons gate 36.



Planområdet i 1921. Jernbanen har komme, og husrekkja på nordsida av svingen i Bjørnsons gate er bygd. Gatenettet i området er planlagt, men både Bjørnsons gate og Ibsens gate er framleis uferdige. Kjelde: Bergenskart.no



Området rundt planområdet, tidleg i 1920-åra. Sirkelen markerer husrekkja på nordsida av Bjørnsons gate, nummer 36 er ikkje godt synleg. I framgrunnen ser ein industriområdet i Fabrikkgaten. Inndalsveien og Bjørnsons gate er ferdige, men Hulda Garborgs gate med husrekkja (frå 1926) rett nord for planområdet, finst endå ikkje. Fotograf Ralph L. Wilson. Henta frå UBB Billedsamlingen. <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-wil-a-212.html>



Planområdet i 1934. Bebyggelsen i området har i stor grad fått sin noverande form, med industriområde langs Fabrikkgaten og busetjing aust og nord for Bjørnsons gate. Rett sør for planområdet ligg Andreas Olsen si store trelasttomt, som brann i 1955. Kjelde: Bergenskart.no

Kulturmiljø – utvikling

Det første huset som vart sett opp på adressa Bjørnsons gate 36 vart bygd i 1915/16, ganske tidleg i utbygginga av Kronstad-området. Bildeutsnittet nedst på side 7 viser området straks før huset vart bygd – nabohuset (Bjørnsons gate 32) som er med på biletet, stod ferdig i 1914. Eigedomsmeklarer Carl Endresen kjøpte ei tomt av Kronstad gård og fekk bygd eit murhus på to fulle etasjar, loftsleilegheiter og forretningslokale i kjellaretasjen (sjå biletet under). Som ein ser på dei historiske bileta på dei følgjande sidene, låg Bjørnsons gate 36 særst sentralt til, like i tilknytning til togstasjonen. Blant dei første leigetakarane i forretningslokala var bakaren Ferdinand Brun, som valde denne staden til ein av dei to nye filialane av bakerikjeda Baker Brun som han opna i den nye bydelen. Ferdinand Brun kjøpte etter kvart huset og det var i hans eige så lenge han levde. Bedrifta Vestlandske Bakeriartikler kjøpte eigedomen frå dødsbuet hans i 1949, og selde han vidare i 1986 til Lie Nielsen A/S, som òg har drive bakeri der fram til heilt nyleg. Eigedomen har soleis hatt ei lang tilknytning til bakeribransjen.

Tidleg på 1900-talet vart det sett opp fleire

nabohus – Bjørnsons gate 32 (trehus) vart som nemnt over bygd i 1914. Bjørnsons gate 30 (trehus) i 1915 og Bjørnsons gate 34 i 1915. Litt lengre aust langs Bjørnsons gate kom det fleire trevillaer ca. 1917, som framleis står i dag.

I 1923 bygde Den luthersk-evangeliske norske frikyrkja sitt eige kyrkjebygg på nabotomta til planområdet i aust, i nr 38, og i 1928/29 vart husrekkeane på kvar side i Hulda Garborgs gate, rett nord for planområdet, tekne i bruk. Også like vest, sørvest og aust for planområdet kom det til mange nye bustadar i perioden 1920–1939.


På sørsida av Bjørnsons gate, overfor vegen, vart ei større tomt brukt som lagerplass for trelasthandlar Andreas Olsen. I 1955 braut det ut ein storbrann i dette trelastlageret. Bustadhusa på nordsida, nr 32, 34 og 36 skal ha fått store vasskadar og dessutan mindre brannskadar. Nabohusa vart ståande, men huset i nr 36 vart kondemnert og rive i 1959. I 1960 vart nybygget som står der framleis, med to etasjar pluss loft, teke i bruk. Det nye huset var reist slik at det framstår vegg i vegg med kyrkjebygget i aust.



Planområdet ca. 1916–1920. Huset til venstre er det første huset som vart bygd i Bjørnsons gate 36, frå 1916. Til høgre i biletet, Kronstad jernbanestasjon. Mellom dei i biletet, rett over vegen frå stasjonsbygningen, står Bjørnsons gate 40. I bakgrunnen ser ein kyrketårnet i Årstad kyrkje. Foto Atelier K. Knudsen. Henta frå UBB Billedsamlingen. <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-kk-nkx-0105.html>



Planområdet 1935–39. Rett framfor huset på sørsida av Bjørnsons gate, det store trelastlageret til Andreas Olsen. Foto Widerøes Flyveselskap A/S. Henta frå UBB Billedsamlingen. <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-w-sh-005150.html>




Planområdet i 1955, kort tid etter brannen på trelastlageret. Branntomta er rydda, og tømmeret ligg under open himmel. Fotograf Vilhelm Skappel, Widerøes Flyveselskap A/S. Utsnitt henta frå UBB Billedsamlingen. <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-w-sh-080722.html>




Planområdet i 1960. Det noverande bygget i Bjørnsons gate 36 er under bygging. Foto Widerøes Flyveselskap A/S. Henta frå UBB Billedsamlingen. <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-w-f-009388.html>



Planområdet i 1963. Det nye huset i Bjørnsons gate 36 står ferdig. Foto Widerøe's Flyveselskap A/S. Utsnitt henta frå UBB Billedsamlingen. <https://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-w-f-105030.html>



Ortofoto 1980. Henta frå Norgebilder.no.




Ortofoto 2019. Henta frå Norgebilder.no.

Kulturmiljø – dagens situasjon

Kulturmiljøet som planområdet er del av består i dag i hovudsak av småhusbusetnad/villaer/rekkehus. Her er også noko småskala næring, i tillegg til kyrkja som ligg vegg i vegg med bygget i planområdet. Planområdet ligg på nordsida av Bjørnsons gate, og bygget er eit industribygg. Slik sett utgjer dette eit brot med det som på nordsida av Bjørnsons gate elles består av hovudsakleg bustadar. Byantikvaren skriv i sin uttalelse datert 20. desember 2021 at: «Kulturmiljøet i kvartalet er godt bevart og har samlet høy kulturminneverdi».

Kartet like under er henta frå stedsanalysen, og viser utbygging gjennom ulike epokar. Ein ser



at det er bustadar frå 1920–1939 som framleis dominerer dagens kulturmiljø. I tillegg ser ein også mange busetnad frå 1900–1919. Bygningsrekka i Bjørnsons gate, like vest og aust for planområdet framstår som meir variert. Her har ein bygg frå tidleg 1900, kyrkja frå 1920-åra, bygget i planområdet som er sett opp i 1960, og hjørnebygget med adresse Bjørnsons gate 40, som er frå perioden 1970–2000.

På kartet frå stedsanalysen ser ein også at det er kome enkelte nybygg etter å 2000. Særskilt ser ein større kompleks sør og aust for planområdet. Området er elles under stor transformasjon. Planområdet ligg sentralt ved krysningspunktet mellom eksisterande bybanetrasé (Sentrum-Flesland) og kommande bybanetrasé (Sentrum-Haukeland-Fyllingsdalen). Like sør for planområdet kjem eit større næringsbygg

som har fått namnet Kronstad X med adresse Bjørnsons gate 29, og som er planlagt ferdigstilt i 2023. Sørvest for planområdet kjem prosjektet Kronstad stasjon – eit større bustadprosjekt med 70 bueiningar og lokale for næring.

På kartet under på denne sida, henta frå Bergenskart.no, ser ein busetnadsstrukturen i området, kartlagt av Byantikvaren. Ein finn bustadar i 2–3 etasjar i både tre og mur, og det er i all hovudsak saltak som dominerer kulturmiljøet. Der det er open karrebustetnad og hagebystruktur med husrekker ser ein saltak i rekkene og gjerne valmtak på endehusa. På dei eldre frittstående husa ser ein både enkle saltak, valmtak og mansardtak med valm. Ulike kvister og arker bidreg til å gje taklandskapet variasjon.




Bebyggelsesstruktur

Bebyggelsesstruktur kartlagt av Byantikvaren

- Åpen karrebebyggelse
- Hagebystruktur
- Kvartalstruktur
- Lamellbebyggelse
- Selvgrodd bebyggelse
- Tett bymessig trehusbebyggelse
- Variert småhusbebyggelse
- Villabebyggelse og frittliggende bebyggelse

Kart over busetnadsstruktur. Her ser ein at området nord for Bjørnsons gate i all hovudsak består av bustadar.



Taklandskap i nærleiken av planområdet. Henta frå stedsanalysen. Grøn markering viser Bjørnsons gate 36.

Synfaring –bilder frå kulturmiljøet



Bjørnsons gate 36, bildet er tatt frå vest.



Bjørnsons gate 36, bildet er tatt frå aust.



Bilde tatt like vest for planområdet. Til høgre i bildet ser ein trevillaene frå tidleg 1900-tal med adresse Bjørnsons gate 34 og 32.



Bilde tatt like søraust for planområdet. Til høgre i bildet ser ein kyrkja som står vegg i vegg med bygget i Bjørnsons gate 36. Til vestre ser ein næringsbygget med adresse Bjørnsons gate 29. Ein del av bygget er frå 1960 og det er no rive. Den andre delen er frå midten av 1990-åra og skal bevarast og transformert inn i Kronstad X-prosjektet.



Den gamle stasjonsbygningen ligg like søraust for planområdet.



Områdebilde – aust for planområdet.



Områdebilde – sør for planområdet. I midten av bildet ser ein eit av nybygga som er kome i området.



Områdebilde – villaer lenger nordaust langs Bjørnsons gate.



Bustadar i Arne Garborgs gate, like aust for planområdet. Til venste ser ein så vidt kyrja med adresse Bjørnsons gate 38.



Områdebilde – bustadar i Hulda Garborgs gate.



Budstadrekkje i Hulda Garborgs gate, like nord for planområdet.



Like vest for planområdet. Vegen rett fram er Bjørnsons gate. Bygget i midten av bildet har adresse Bjørnsons gate 28. Gata oppover til høgre i bildet er Camilla Collets gate.



Bjørnsons gate 28 til venstre i bildet, og bustadar oppover Camilla Collets gate.



Eit av dei nyaste bustadane i området, med adresse Camilla Collets gate 8, like nordvest for planområdet.



Nybygg lenger vest for planområdet – i Fabrikkgangen.



Nybygg lenger vest for planområdet – i fabrikkgangen.




Områdebilde tatt frå andre høgda i Bjørnsons gate 36. Her ser ein at det er stor byggeaktivitet like i nærleiken av planområdet.

Kulturminner



Kart over hensynssone H570_3 –Danmarksplass-Kronstad. Planområdet er merkt av med raud sirkel. Kartet er henta frå stedsanalysen.



- Analyseområdet
- Delområder ut ifra bebyggelsesstruktur bygningstyper og andre viktige identitetsbærende element i strøkskara
- 1 Småhusbebyggelse/Villaer/rekkehu
- 2 Leilighetsblokker
- Næring
- Verneverdige og fredete kulturminner
- St. Olavs vei–funnsted, Annen arekologisk lokalitet
- Kulturmiljø
- a Hensynssone H570_3 i KPA18: Danmarksplass–Kronstad
- b Hensynssone H570_3 i KPA18: Solheim
- c Hensynssone H570_3 i KPA18: Minde–Nymark
- d Hensynssone H570_4 i KPA18: Historisk veifar
- e Hensynssone H570_4 i KPA18: Historisk jernbanetrasear

Dette kartet henta frå stedsanalysen viser godt hensynssonar og kulturminner/kulturmiljø i og rundt planområdet. Sjølv planområdet er markert med svart stipla linje innafor analyseområdet.


Planområdet ligg i hensynssone H570_3 – Danmarks plass-Kronstad. Om dette delområdet står det: «Tidlig urban utbygging utenfor byen, med hovedtyngde fra 1920- og 1930-tallet. Viser utvikling fra bynært jordbruksland til urban utbygging i forbindelse med kommunesammenslåing i 1915. Blanding av villa og hagebybebyggelse. Tiltak innenfor området må ivareta arkitektur, bebyggelsesstruktur og overordnet sammenheng i kulturmiljøet. Område av nasjonal interesse.» Som ein ser på kartet over, henta frå stedsanalysen, er også den gamle jernbanetraseen merkt med hensynssone H570_4. Det same er Den stavangerske postveg langs dagens Fjøsangerveien, vest for planområdet.

Som ein ser på kartet like under er det ingen kulturminner registrert i Askeladden i umiddelbar nærleik av planområdet.

Næraste er St. Olavs kirkested i St. Olavs vei aust for planområdet. Det er ingen SE-FRAK-registrerte bygg i eller nær planområdet.

I det større omkringliggende strøket er det fleire områder og bygg med vern heimla i PBL – sjå kart nederst på neste side. Like søraust for planområdet (rosa felt med raudt rektangel) ligg eit område med hensynssonenamn H572_2, arealplan-id 64040000. Dette er den gamle stasjonsbygningen som er regulert til bevaring.

Kartet nederst på neste side viser tekniske og industrielle kulturminner registrert av Byantikvaren. Som ein ser er det ingen registreringar i umiddelbar nærleik av planområdet.



Kartet er henta frå Bergenskart.no og viser kulturminner registrert i Askeladden. Planområdet er markert med grøn sirkel.



Kartet er henta frå Bergenskart.no og viser vern hjemla i PBL reguleringsplanar. Like søraust for planområdet (rosa felt) ligg eit område med hensynssonenamn H570_2, arealplan-id 64040000. Dette er den gamle stasjonsbygningen. Planområdet er merkt med grøn sirkel.



Kartet er henta frå Bergenskart.no og viser tekniske og industrieller kulturminner registrert av Byantikvaren. Planområdet er merkt med grøn sirkel.

Bygningshistorikk – Bjørnsons gate 36


Dagens bygg med adresse Bjørnsons gate 36 vart sett opp i 1960, etter at tidlegare bygg vart kondemnert. Berre ein liten del av første etasje stod att, og dette vart bevart som eit lite tilbygg (mot vest) til nybygget i 1960.

Det vart sett opp eit enkelt murbygg med saltak, i etterkrigsmodernistisk stil. Bygget framstår som utan særskilte arkitektoniske kvalitetar, men er typisk for si tid. Det vart teikna av arkitekt Sverre Losnedal.


Ifølge kjeldematerialet i Byggesaksarkivet vart bygget oppført på fjell med grunnmur i betong. Det vart oppført i 2,5 etasjar, med ytterveggar i lecablokker og innerveggar av lecablokker og av tre med eldfaste plater. Golvkonstruksjonen var i ferdigarmerte lecaplater.

Det vart gitt tillatelse til byggehøgde på inntil 10,5 meter over gatehøgde. Bygget fekk tre-tak med raud takstein. Utvendig fekk bygget enkle detaljar, og framstår i ein nøktern stil. Av dei få detaljane som er, er desse i materiale av høg kvalitet, nemleg vannbord i skifer i utvendige vindaugsomrammingar. Dette er kvalitetar som går igjen innvendig i inngangspartiet, men ikkje elles i bygget. På hovudfasaden ut mot Bjørnsons gate vart inngangspartiet innramma med enkle detaljar i mur. Og over inngangspartiet vart det sett inn eit stort rektangulært blyglasvindaug oppover fasaden nesten heilt til gesims, for å gje lys til innvendig trappeoppløp.




Første etasje vart innreidd til næring (lager). Andre etasje vart innreidd med 2 leilegheter. Loftet hadde ved- og matboder.



Fasade mot Bjørnsons gate. Fasaden fekk ein enkel og symmetrisk utforming med vindauger på kvar side av hovudinngangen med eit langt avlangt blyglasvindaug for å gje lys til trappeoppgangen. Skissene er frå 1959/60, henta frå Byggesaksarkivet.



Fasaden mot bakgården. Skissene er frå 1959/60, henta frå Byggesaksarkivet.



Planskisser første etasje mot bakkeplan oppe til venstre, andre etasje like opp, loft nede til venstre. Skissene er frå 1959/60, henta frå Byggesaksarkivet.

I 1972 fekk bygget eit nytt tilbygg mot bakgården. Eigentleg skulle bygget også då utvidast med ein ekstra etasje over tilbygget mot vest, men dette vart ikkje gjort. Det vart sett inn garasjeport i tilbygget mot vest.

Tidleg i 1980-åra vart loftsetasjen ominnreidd frå bod- og lager til spiserom og kontor. Ca. 1986 vart første etasje ominnreidd til bakeri- og konditorutsal for Lie Nielsen.

Fleire gonger var det planlagt å sette inn større butikkvindauger på hovudfasaden mot gate-

plan (både 1972 og 1986), men dette vart ikkje gjennomført. Det er usikkert når, med nederste originalvindauger på bakkeplan mot aust har blitt skifta ut med ei dør. Det ser også ut til at originale vindauger på hovudfasaden har vorte skifte ut. I stor grad framstår likevel hovudfasaden med sitt originale uttrykk.

Heile Bjørnsons gate 36 er i dag gjort om til mannskapsrigg.



Hovudfasade Bjørnsons gate 36, bildet er tatt frå vest. Hovudfasaden framstår i det store og heile som original.





Aust på hovudfasaden er det sett inn ei dør istadenfor det originale vindaugget. Andre vindauger også blitt skifta ut, men vindaugsomramming med vannbord i skifer.



Originale detaljar på hovudfasaden.



Fasade mot vest, med tilbygg i forgrunnen.



Fasadar mot nord og vest, med tilbygg i forgrunnen.



Fasade mot nord og og tilbygg.



Frå venstre ser ein delar av nabobygget mot aust (kyrkja), i midten av bildet ser ein fasade og tilbygg til Bjørnsons gate 36, og bakers ser ein delar av bygget med adresse Bjørnsons gate 34.



Inngang Bjørnsons gate 36 med trappeløp. Dette er eit av dei få originale elementa som er igjen i bygget. Legg merke til skifer på golvet og i trappetrinna.



Første etasje er i dag gjort om til mannskapsrigg. Her ser ein opphaldsrom og garderober. Som ein ser er all innreiting av nyare dato. Taket ser ut til å vera seinka, truleg for ventilasjon. Det er fullt mogleg at ein finn originale bygningsdetaljar bak seinare ombyggingar.





På desse to bildene ser ein restar av innreiinga få bakeriverksemda i bygget. Bakeri-innreiinga stammer frå 1986 og framover.



Detaljar frå trappeløp opp mot andre etasje.



Andre etasje er innreia til kontorer med kjøkken og møterom. Også denne etasjen ber preg av fleire runder med ominnreiing dei seinare tiåra.



Andre etasje er innreia til kontorer med kjøkken og møterom. Også denne etasjen ber preg av fleire runder med ominnreiking dei seinare tiåra.



Andre etasje er innreia til kontorer med kjøkken og møterom. Også denne etasjen ber preg av fleire runder med ominnreiking dei seinare tiåra.



Andre etasje er innreia til kontorer med kjøkken og møterom. Også denne etasjen ber preg av fleire runder med ominnreiking dei seinare tiåra.





Detaljar frå originalt trappeløp opp til loftsetasjen.



Møtelokaler i loftsetasjen.



Deler av loftet er framleis uinnreidd, og her ser ein meir av den opphavelige konstruksjonen av bygget, medan resten i all hovudsak i dag ber preg av fleire rundar med ominnreiing.

Oppsummering og konsekvensar for kulturmiljø ved nybygg

Forslagsstiller sin intensjon med planforslaget er å rive eksisterande bygg med adresse Bjørnsøns gate 36, og oppføre nybygg med arkitektoniske kvalitetar tilpassa områdekarakter og nærliggende busetnad.

Isolert sett har ikkje bygget frå 1960-åra stor kulturminneverdi. Bygget er tidstypisk i sin enkle etterkrigsmodernistiske stil, men innehar ikkje særskilt høge arkitektoniske verdier. Synfaring av bygget støtter opp om dette. Sjølv hovudfasaden ut mot vegen framstår som nær original, og bygget innehar enkelte materielle kvalitetar som bruk av skifer. Det seinare tilbygget har imidlertid forringa bygget sitt uttrykk utvendig, og fleire ombyggingar innvendig gjer at det er særst lite igjen av originale element i bygget slik det framstår i dag. Eit unntak er trappeoppgang med original trapp med skifer.

Men som Byantikvaren påpeikar i sin uttalelse, har bygget verdi som del av eit heilskapleg kulturmiljø. Det er så langt få nybygg i området, og det større kulturmiljøet er dominert av bygg frå før andre verdskrig. Dette er i midlertid under endring, med bygging av Kronstad X-prosjektet like i nærleiken av planområdet, det større bustadsprosjektet med namn Kronstad stasjon i Fabrikkgaten og vidare utbygging av Bybanen.

Byantikvaren påpeiker også at bygget ligg i eit

utsett kulturmiljø, og at det ligg i hensynssone H570. Merk imidlertid at husrekka (Bjørnsøns gate nr. 30–38) som Bjørnsøns gate er del av, har ein meir variert karakter enn mange av husrekene i gatene rundt. Sjå bildet under, henta frå stedsanalysen, s. 22, som synleggjer dette godt.

I innsendt planinitiativ vert det opplyst om at næringsareala i eksisterande bygg har ei etasjehøyde som ikkje er foreneleg med krav til tekniske installasjonar, og at dei difor vil rive bygget. I uttale frå Byantikvaren datert 20. desember 2021 vert det påpeika at dette i seg sjølv ikkje er eit fullverdig argument for riving, men at oppgradering av bygningsmassen kan vera eit alternativ. Tiltakshavar opplyser om at dei vidare i prosjekteringa vil vurdere mogleg gjenbruk av blant annet eksisterande konstruksjon i bakvegg, bygningsmaterial m.m. Nybygget tiltakshavar ønsker å oppføre er eit næringsbygg med massivtrekonstruksjon som dei vil få BREEAM-NOR2 miljøsertifisert.


Tiltakshavar sitt planlagte nybygg er som nemnt tenkt oppført i massivtre. Volumstudie utført av Paal Kahrs arkitekter viser eit bygg i tre etasjar med ei byggehøgde på 12,40 meter. Dagens bygg har byggehøgde på ti meter. Nabobygga i vest er på 13 meter, medan kyrkja like aust er på 15 meter. Nybygget vil ifølgje arkitekt få saltak og nytolking av arker, og det er også saltak som dominerer i området. Takforma på det planlagte nybygget framstår imidlertid som meir dominerande med sine store flater, samanlikna med nabobygga i det omkringliggende kulturmiljøet. I den eldre busetnaden i kulturmiljøet rundt er det saltak med større inslag av vinklar og arker som bryt opp flatene. Arkitekt utdjupear at taket på nybygget vil med sine vinklar på arkene bidra til visuell dialog med former på nybygget i Kronstad X-prosjektet som er planlagt like i nærleiken av planområdet.

Som tidlegare nemt finn ein bustadar i både mur




og tre i området. Slik sett er bruken av tre på det planlagte nybygget i tråd med materialbruken i området. Slik nybygget er planlagt så langt i prosessen, vil det få treverk i vertikal retning på fasadane. Det er imidlertid noko vanskeleg å sjå korleis treverk i vertikal retning på fasadane passar inn i strøkskarakteren. Bustadane som dominerer det omkringliggende kulturmiljøet har ein relativt beskjeden og nedtona karakter, og det planlagte bygget ser ut til å kunne ta merksemd frå desse bygga. Ein kan likevel sjå referansar i nybygget til nabobygga med


prosjektet utdjuper at endegavlen på nr 34, til venstre for nybygget, viser korleis møne- og gesimshøgder ligg i same fluktlinjer. Det vertikale volumet med takarken deler fasaden i tre deler og gir, saman med kyrkjebygget til venstre for nybygget, ein fasaderytme med veksling mellom breie og smale volum. Mellombygget mot kyrkja er trekt litt inn frå fasadelivet og er noko lågare enn kyrkja for å markere mellomrom mellom bygga. Gesimslinja i nybygget blir lagt i flukt med gesims i kyrkjebygget sin «hovuddel».



Volumstudie utført av Paal Kahrs arkitekter viser bygningsrekka i Bjørnsons gate med planlagt nybygg.



Volumstudie utført av Paal Kahrs arkitekter viser bygningsrekka i Bjørnsons gate med planlagt nybygg.



Volumstudie utført av Paal Kahrs arkitekter.



Slik kan i følge Paal Kahrs arkitekter det planlagte nybygget sjå ut.



Nybygg slik det kan fremstå mot bakhagen. Frå dette perspektivet ser ein at takvinklane er tilpassa takvinklane til kyrkja i bakgrunnen, i midten av illustrasjonen.



Bakgården slik den er tenkt med det planlagte nybygget.



Hovudfasade på det planlagte nybygget slik Paal Kahrs arkitekter har tenkt det.

Litteratur og kjelder

Gunnarsjaa, Arne. 1999. *Arkitekturleksikon*.
Abstrakt forlag, Oslo.

Larsen, Jacob T. 2002. Gards- og ættesoge.
Bind 4 Fana bygdebok. Fana bygdebok-
nemnd, Bergen.

Seeiendom.no

Byggesaksarkivet, Bergen kommune

Store norske leksikon – snl.no

Universitetsbibliotekets billedsamling i
Bergen – marcus.uib.no

Norgebilder.no

Bergenskart.no